Då Jondal kommune i 2003 gav ut ny slektsbok, registrerte me spørsmål etter oppdaterte slektsbøker også for Tørvikbygd, Strandebarm og Mundheimsområdet. Hardangerforlaget tok på seg arbeidet, Kvam herad støtta opp, og i 2005 starta arbeidet med innsamling av opplysingar.
Bokverket er no komplett, band I kom ut i 2008, band II og III i 2009.
Bokverket inneheld slektsopplysingar for heile området frå mellomalderen fram til 2008/2009.
I tillegg vil lesaren finna gamle og nye foto, likeeins artiklar og småstubbar om ulike tema eller personar.

**Forfattarar og redaktørar av Slektsbok for Tørvikbygd, Strandebarm og Mundheim**
Marie Skutlaberg f. 1939 Tidlegare redaktør av Bygdejol (i dag: Gamalt frå Kvam), forfattar av "Kvam i krig", "Fortel meir bestefar" og andre lokalhistoriske skrifter
Arne Gjerstad f. 1965 Fofattar av artiklar i "Gamalt frå Kvam"
Sjur Tarjei Fykse f. 1972 Redaktør av "Gamalt frå Kvam", forfattar av "Fjordabonden: frå stuttorv og sigd til rundballar og reiseliv" og "Attersyn II"
Torleiv Ljones f. 1942 Forfattar av artiklar i Bygdejol (i dag: Gamalt frå Kvam), forfattar av "Kvam ved tusenårskiftet"

**På denne sida vert det lagt ut**
- Informasjon om avlidne, namn og årstall
- Rettingar til slektsbøkene

**Finn du feil i slektsbøkene, send rettingar til e-post: post@hardangerforlaget.no**
Klikk på bøkene til venstre for å sjå rettingane i dei respektive bandene.

**Sal av slektsbøkene**
Slektsbok for Tørvikbygd, Strandebarm og Mundheim kan tingast direkte hjå Hardangerforlaget.
Pris pr. bok: **kr 100 for medlemmer og kr 200 for ikkje-medlemmer.**

Ting direkte frå Hardangerforlaget på e-post: post@hardangerforlaget.no

**Bøkene er også til sals hjå Huus Bokhandel i Øystese, Coop i Tørvikbygd og Joker på Oma.**